

Grannar er lokalvisa for Vindafjord kommune i Rogaland og Etne kommune i Vestland, i eit område med ca. 13.000 innbyggjarar

Avisa har kontinuerlege oppdateringar på grannar.no og papirutgåver måndag og torsdag i eit opplag på 3.520. Grannar blir redigert på nynorsk, er konsernuavhengig og har lokale eigarar.

Grannar har 9 tilsette, og held til i Etne sentrum, midt mellom Stavanger og Bergen, og éin times køyring aust for Haugesund.

Grannar
www.grannar.no

Grannar treng ny medarbeidar i redaksjonen og søker etter

Journalist

Stillinga er 100 % fast og inngår i turnus med arbeidstid kvar fjerde helg.

To kommunar, to fylkeskommunar, eit rikt næringsliv med ei rekkje milliardkonsern, aktivt landbruk, allsidig idrettsmiljø med fleire nasjonale profilar, breitt organisasjons- og kulturliv, og unike natur og fjellområde med bl.a. nasjonalpark og lakseelver - ventar den som jobbar i redaksjonen.

Søklarar må ha genuin interesse for nyhendejournalistikk, vera idérik og ha evne til å jobba raskt og sjølvstendig både for nett- og papiravis.

Me vil leggja vekt på erfaring frå journalistikk eller annan relevant utdanning, og god samfunnsinnsikt, men er også opne for andre søklarar.

Sikker språkføring på nynorsk er viktig. Søklarar må ha førarkort og disponera bil.

Me lover eit godt og triveleg arbeidsmiljø og spennande oppgåver.

Nærare opplysningar om stillinga får du hos redaktør Arne Frøkedal, tlf. 932 55 990, eller hos klubbleiar Grethe Hopland Ravn, tlf. 454 27 751.

Søknad sender du til arne.frokedal@grannar.no

Søknadsfrist: 21. oktober 2021